

Aktiv i nærmiljøet



Kommunedelplan for fysisk
aktivitet, idrett og friluftsliv
2016-2026



Time kommune

Innhald

| | |
|---------------------------------------------------------------|----|
| Innleiing | 3 |
| Tema idrett | 8 |
| Idretten sin verdi | 8 |
| Anlegg for idrett | 9 |
| Samarbeid om idrett | 10 |
| Tilrettelegging for idrett | 10 |
| Tema eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet | 12 |
| Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet sin verdi | 12 |
| Areal for eigenorganisert aktivitet | 13 |
| Samarbeid om eigenorganisert aktivitet | 14 |
| Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet | 14 |
| Tema friluftsliv | 16 |
| Friluftslivet sin verdi | 16 |
| Areal for friluftsliv | 16 |
| Samarbeid om friluftsliv | 17 |
| Tilrettelegging for friluftsliv | 17 |
| Innsatsområde frivillige | 20 |
| Innsatsområde kommunen | 22 |
| Innsatsområde aktivitetar | 24 |
| Innsatsområde anlegg | 26 |
| Handlingsprogram 2017-2020 | 28 |
| Handlingsprogram 2021-2026 | 34 |
| Kart | 36 |

Foto

Framsida (frå øvst): Flavia Renø, Erik Steen Larsen, Anita Havrevold, Frode Mehus

Side 5: Laila Åsland Solberg

Side 7: Erik Steen Larsen

Side 11: Frode Mehus

Side 15: Geir Stangeland

Side 19: Erik Steen Larsen

Side 21: Anne Stranden

Side 25: Marlen Gilje

Side 27: Brit Nilsson Edland

Innleiing


«Aktiv i nærmiljøet» er undertittel på denne planen. Det handlar om tilrettelegging for aktivitet, nærleik til aktivitet, låg terskel for aktivitet, kvardagsaktivitet, begeistring og positive opplevingar.

Fysisk aktivitet er kjelde til helse og livskvalitet, nødvendig for normal vekst og utvikling hos barn og unge og viktig for å oppretthalda god funksjonsevne gjennom heile livet.


Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er det politiske styringsdokumentet for prioriteringar innanfor dette samfunnsområdet. Planen byggjer opp under dei overordna mål og strategiar som går fram av kommuneplan for Time 2015-2027, samfunnsdel.

Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjev innspel og føringar til revisjon av arealdelen av kommuneplan. Dei økonomiske prioriteringane vil verta gjorde i økonomiplanen.

Kommunedelplanen er bygd opp med tre tema og fire innsatsområde. Innsatsområda er dei områda der samfunnet og kommuneorganisasjonen skal prioritera ressursar for å nå måla for kvart tema. Desse områda er felles for tema. Satsinga innanfor kvart innsatsområde vert beskrive og det er utarbeidd mål «dette ønskjer me» og strategiar «slik vil me gjera det» for kvart område.



Fysisk inaktivitet er eit veksande samfunnsproblem. I hovudsak skuldast dette meir stillesitting i kvardagen. Mange barn, ungdom og vaksne er ikkje aktive nok i etter Helsedirektoratet sine tilrådingar for fysisk aktivitet. Barn og ungdom bør vera i fysisk aktivitet i minimum 60 minutt kvar dag. I tillegg bør dei utføra aktivitetar med høg intensitet inkludert aktivitetar som gjev større muskelstyrke og styrkjer skjelettet minst tre gongar i veka. Vaksne bør vera i moderat fysisk aktivitet minst 150 minutt per veke eller minst 75 minutt per veke med høg intensitet eller ein kombinasjon av desse to.



Aktivitetsnivået til barn og ungdom går ned med alderen. Blant 6-åringane er 87 % av jentene og 96 % av gutane i moderat aktivitet minst 60 minutt dagleg. Blant 15-åringane er tilsvarende tal 43 % for jentene og 58 % for gutane¹. 32 % av dei vaksne oppfyller tilrådingane for fysisk aktivitet². Det totale aktivitetsnivået i befolkninga er lågt, og godt 60 % av dagen er ein i ro enten sitjande eller liggjande.

Folketalet i kommunen har vakse med 4000 personar i ti-årsperioden frå 2005 til 2015. Den neste ti-årsperioden er folketalet venta å veksa med 4700 personar, og vil totalt vera rundt 23 500. Det er venta ein vekst i talet på barn og unge i alderen 0-15 år på nærmare 30 % fram til 2027 frå 4200 til 5400 personar.

Den veksten i folketal som har vore og som er venta framover medfører behov for betydeleg innsats på alle innsatsområda for å kunna ivareta og vidareutvikla eit godt tilbod til innbyggjarane knytt til samfunnsområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.




¹ Fysisk aktivitet blant 6-, 9- og 15 åringer i Norge- Resultater fra en kartlegging i 2011, Helsedirektoratet

² Fysisk aktivitet og sedat tid blant vaksne og eldre i Norge – Nasjonal kartlegging 2014-15, Helsedirektoratet

Avstanden til andre kommunar er kort. Det gjer at mange innbyggjarar kan driva fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i nabokommunane. Samarbeid med nabokommunar kan gje grunnlag for eit større og meir variert tilbod.

Kommunen ønskjer å leggja til rette for at fleire vel å auka aktivitetsnivået sitt. Denne planen skal femna vidt og inkludera alle innbyggjarane i kommunen. Gjennom planen vert det lagt til rette for auka aktivitet for alle grupper i befolkninga. Samfunnsgevinsten er størst når ein rettar innsatsen mot alle innbyggjarane.

Ressursar brukt til førebygging og tilrettelegging generelt vil ha langt større samfunns effekt enn ressursar brukt til enkeltpersonar som får ulike utfordringar og sjukdommar som følgje av inaktivitet.



Figur 1: Illustrasjonen syner at ein strategi der ein rettar innsatsen mot heile befolkninga i størst grad vil bidra til å redusera risikoen for livsstilssjukdommar. Kjelde: Helsedirektoratet.

Samtidig har planen fokus på grupper som har behov for særskild tilrettelegging for å delta i organiserte aktivitetar eller driva eigenorganiserte aktivitetar.

Kommunen har hatt ein open, brei og tilgjengeleg medverknad i lokalsamfunnet i samband med utarbeiding av planen. Det har vore tilrettelagt for deltaking frå ulike samfunnsgrupper som må visast særleg omsyn i planlegging for å leggja til rette for ei jamnare fordeling av faktorar som påverkar helse og levealder. I dette planarbeidet har det vore barn, unge, eldre, nye innbyggjarar og funksjonshemma.

Representantar for idrettslaga og friluftslivsorganisasjonar har deltatt aktivt i heile planprosessen. Frivillige lag og organisasjonar, enkeltpersonar og offentlege aktørar har kome med innspel i planarbeidet gjennom formelle høringar og medverknad i planprosessen.



Tema idrett

Idrett i framtida:

Alle som ønskjer det kan delta i organisert idrett. Å inkludera endå fleire i den organiserte idretten fremjar fysisk aktivitet og folkehelse. Tal på barn og ungdom som deltek i organisert idrett aukar med 5 % i planperioden. Anlegga er opne i helger og feriar.

Idrettslaga er møteplassar på tvers av generasjonar og sosiale skiljelinjer. Foreldra si oppfølging av barn og unge, dugnadsinnsats og styrking av trenarkompetansen er viktige innsatsområde.

Idretten sin verdi


Idrett er aktivitet i form av trening eller konkurranse der deltakinga er organisert gjennom lag og organisasjonar.

Idrett er ei kjelde til glede, overskott og fysisk og psykisk meistring. Deltaking i sosiale fellesskap og møteplassar på tvers av sosiale skiljelinjer er heilt sentralt. Idrett er eit av sivilsamfunnet sine viktigaste bidrag til gode og trygge oppvekstvilkår. Idretten rekrutterer breidt og er ein av dei viktige inkluderingsarenaene i samfunnet. Svært mange barn har erfaringar frå idretten. Sjølv om deltakinga går ned gjennom ungdomsåra, er idrett ein viktig fritidsaktivitet også for ungdom. Deltaking i idrett i oppveksten er sentralt for å danna grunnlag for livslang glede ved å driva idrett og fysisk aktivitet og gjev treningsvanar som varer gjennom livet. Ei god målsetting for idretten vil vera «flest mogleg, lengst mogleg».

Toppidretten har ei rolle som identitetsskapar og bidreg til ein positiv prestasjonskultur i samfunnet. Toppidrettsutøvarar er viktige førebilde og inspirasjonskjelder for den heile norske idretten.

Dei siste 15 åra har det vore ein nedgang frå 90 % til 64 % i talet på unge i alderen 13-19 år som er medlemmar i idrettslag i Time. For aldersgruppa 0-12 har delen av gruppa vore stabil rundt 75 % sidan 2007. Time kommune har som mål at talet på medlemmer i aldersgruppene 0-19 skal aukast med 5 % i planperioden.

I tillegg til at ein langt lågare del ungdom er aktive i idrett nå enn tidlegare erfarer idrettslaga i kommunen også at det er færre deltek på meir enn ein idrettsaktivitet. Undersøkinga gjennomført på Bryne vidaregåande skule viser at 27 % trener i regi av eit idrettslag og at 21 % av desse driv med berre ein organisert idrett.



Figur 2: Talet på medlemsskap i idrettslag i kommunen som del av folketallet. Tala er ikkje korrigert for at enkeltpersonar kan vera medlemmar i meir enn eit idrettslag eller at personar kan ha medlemsskap i andre kommunar enn bustadkommunen.

Undersøkinga bekreftar at særiddrettar har vanskeleg for å halda på ungdommane. Av dei som er aktive i eit idrettslag nå er fotball og handball heilt dominerande. Då dei var yngre var breidda i kva idrettar dei deltok i langt større. Heile 40 % av ungdommane svarar at dei ønskjer større utval av idrettar. Ungdommane seier den viktigaste årsaka til at dei slutta i idrettslaget var at dei fekk andre interesser. 35 % av dei som tidlegare har vore med i eit idrettslag gjev dette som ei årsak. 15 % slutta som følgje av skade.

Det er ein trend at unge og vaksne i større grad enn før driv med eigenorganisert aktivitet og fleire treningssenter er sterkt medverkande til dette. Eigenorganisert aktivitet skjer aleine eller saman med andre, men nøkkelen er at ein sjølv bestemmer når ein vil trene. For mange unge og vaksne fungerer dette godt, men særleg for barn er det viktig med faste rammer, oppfølging og sosialt fellesskap knytt til aktiviteten.

Foreldre ser ofte på organisert idrett som positivt, men resurskrevjande. Økonomi og tid kan føra til avgrensa moglegheiter for barna. Det kan avgrensa valmoglegheiter til å delta på fleire idrettar eller idrettar som er kostnadskrevjande. Tidsbruken for barn og ungdom knytt til trening og kampar gjer også at mange sluttar med organisert idrett relativt tidleg. Lågterskel-trening for ungdom i regi av idrettslaga, kan vera eit viktig tiltak for å inkludera fleire i idretten.

Anlegg for idrett

Kapasiteten på idrettsanlegg i kommunen set avgrensingar for kva tilbod som finst i dag, særleg gjeld dette på Bryne. Det er behov for investeringar i anlegg framover, slik at det er rom for å handtera den ønska veksten i aktivitet i regi av idrettslaga.

Folk sine krav til anlegg og fasilitetar knytt til trening har vore stadig aukande dei siste åra og er påverka av framveksten av private tilbod med moderne fasilitetar og aktivitetar. Dette står i

kontrast til mange hallar og anlegg i kommunen som er av eldre dato og ber preg av å ha vore mykje brukt. Det er behov for ei styrking av vedlikehaldet.

I perioden 2004-2015 er det investert for 41 millionar kroner i kommunale idrettsanlegg finansiert ved kommunale midlar og spelemidlar. I tillegg har kommunen gitt 37 millionar kroner i tilskott til private anlegg. Samla sett er det tildelt 42 millionar kroner i spelemidlar i perioden og lagt ned ein betydeleg dugnadsinnsats i dei private anlegga.

Samarbeid om idrett

Frivillig arbeid og dugnadsinnsats er avgjerande for å kunna oppretthalda og vidareutvikla idrettstilbodet i kommunen. Det er berekna at den frivillige innsatsen som vart lagt ned i idrettslaga i Time i 2015 hadde ein verdi på 46 millionar kroner³. Det å engasjera seg i idrett har mange positive sider. Det gjev sosialt fellesskap, tilhøyrslø og ein får bruka og vidareutvikla evner og ressursar. Det er ei utfordring at færre vaksne engasjerer seg i idrettslaga.

Kompetansen innanfor dei ulike idrettane kan nyttast betre ved auka samarbeid. For å styrkja basisferdigheiter kan eit samarbeid på tvers av ulike idrettar gje betre grunntrening og mindre skadar. Auka fleksibilitet når det gjeld treningsformer og bruk av friområde kan frigje hallkapasitet, noko som kan gje eit breiare idrettstilbod.

Tilrettelegging for idrett

Eit mangfald av idrettsaktivitetar er viktig særleg for å rekruttera og halda på barn og unge. Tilbodet uavhengig av ambisjon- og prestasjonsnivå bør betrast i alle idrettar. Elitesatsing bør skje på tvers av idrettsgreiner og kommunegrenser. Tilrettelegging av aktivitetar for ungdom som ønskjer eit idrettstilbod, men ikkje nødvendigvis vil satsa for å verta best mogleg innanfor konkurranseidrett er eit viktig satsingsområde.

Nye idrettar eller nye greiner innanfor etablerte idrettar, vil vera eit viktig bidrag til mangfaldet og til å nå fleire. Dei frivillige må vera pådrivarar for oppretting og drift. Kommunen har ei rolle gjennom å leggja til rette for informasjon og samarbeid.

³ Rekna ut i frå følgjande modell: talet på medlemmer x 0,0147 x gjennomsnittleg årsinntekt (per 31.12.14 var denne på 503 800 kroner)



Tema eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet

Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet i framtida:

Alle innbyggjarane i kommunen er meir fysisk aktive.

Grønstruktur, uteområde og nærmiljø vert planlagde, bygde og vedlikehaldne slik at det stimulerer til auka fysisk aktivitet.

Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet sin verdi

Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet er kvardagsaktivitet som gange og sykling til og frå ulike målpunkt, leik og uteaktivitet samt ulike former for trening i eigen regi eller på treningssenter.

Statistisk materiale tyder på at nærare 80 % av vaksne si trening er eigenorganisert. Mange kommersielle tilbod er etablerte og tilbyr eit mangfald av aktivitetar. Det fins også mykje eigenorganisert trening utanom det kommersielle, som for eksempel tur- og friluftslivsgrupper. Forsking tyder på at den eigenorganiserte aktiviteten, inkludert på treningssenter, er aukande også blant ungdom. Vår eiga undersøking blant elevar på Bryne vidaregåande skule viser det same. Heile 60 % av dei som er i fysisk aktivitet driv eigenorganisert trening eller trener på treningssenter.

God helse og god funksjonsevne gjer det lettare å leva eit aktivt og sosialt liv. Fysisk aktivitet vil bidra til fleire friske leveår. Viss me er meir fysisk aktive vil me kunna stå lenger i arbeid og vera aktive og sjølvhjelpne lengre. Konsekvensar av ugunstig helseåtferd vert akkumulert over tid og vert ofte først tydeleg seint i livet. Det er derfor viktig å leggja til rette for gode val når det gjeld fysisk aktivitet gjennom heile livet.

For personar som er lite aktive vil sjølv ei lita auke i aktivitetsnivået gje ein helsegevinst i form av redusert risiko for sjukdom, betre livskvalitet og auka funksjonsevne. I eit livsløpsperspektiv er det rekna at ein fysisk inaktiv person kan vinna rundt åtte leveår med god helse ved å auka aktivitetsnivået frå inaktiv til aktiv. Kunnskapsgrunnlaget seier at 20 % av befolkninga er inaktive, tilsvarende 3700 personar i Time. Dersom me får til ei endring som gjer at ¼ av dei inaktive i kommunen vert aktive, vil det kvart år ha ein velferdsmessig økonomisk verdi tilsvarende 54 millionar kroner⁴.

⁴ Ein person som går frå inaktiv til aktiv vil årleg oppnå 0,1 QALY (kvalitetsjusterte leveår). 1 QALY har er verdsett med ein velferdsverdi på 588 000 kroner. (Kjelde: Kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet. Innspill til departementets vidare arbeid for økt fysisk aktivitet og redusert inaktivitet i befolkningen, Helsedirektoratet 2014)




Kjelde: Helsedirektoratet, Aktivitetshåndbok 2005-2009

Areal for eigenorganisert aktivitet

Kommunen har ei viktig oppgåve med å setja av tilstrekkeleg areal til fysisk aktivitet. Offentlege rom må leggjast til rette slik at dei er tilgjengelege for aktivitet for alle. Tilgjenge i nærmiljøet er avgjerande for at flest mogleg er i aktivitet. Gang- og sykkelveggar, parkar og turområde er eksempel på dette.

Naturen og dei grønne strukturane i byar og tettstader bidreg til naturopplevingar og inspirerer til og gjev moglegheit for fysisk aktivitet.



Tilgjenge er sentralt for kor egna grøntstrukturen er for friluftsliv og aktivitetar. Ulike grupper har ulike behov og ulik oppfatning av kva som er lett tilgjengeleg. Dei mest motiverte, som ivrige turgåarar og joggarar, aksepterer gjerne både noko avstand og kryssing av barrierar på vegen til grønne område eller at dei må bruka sykkel eller bil for å nå områda.

Barn, eldre og forflyttingshemma er mykje meir sårbare. Lange avstandar, manglande kvilemoglegheiter undervegs, trafikkbarrierar og store høgdeforskjellar avgrensar moglegheitene deira til friluftsliv og fysisk aktivitet.

Figur 3: Figuren viser kor stor aksjonsradius personar i ulike aldersgrupper har. Den er basert på tal frå «Planlegging av grøntstruktur i byar og tettstader», Direktoratet for naturforvaltning 6-1994.

I forbindelse med planarbeidet har alle barnehagane i kommunen har kartlagt kva område dei brukar som turmål. Dette vert registrert som barnetråkk og lagt til grunn for arealplanlegging for å sikra område for fri leik. Kartlegginga viser at ustrukturerte leikemiljø med variert natur vert gjeve høgast verdi.

Samarbeid om eigenorganisert aktivitet

Samarbeid og samhandling mellom organisasjonar og med kommunen er viktig for å få til eit aktivitetstilbod for flest mogleg. Nokre frivillige organisasjonar har stort fokus på trening og mosjon for sine medlemmar og har etablerte tiltak for dette. Organisasjonane kan ha ei viktig rolle i å motivera medlemmane til meir fysisk aktivitet.

Økonomiske forskjellar, fattigdom, utdanning, kulturell bakgrunn, arbeidslivstilknytting og psykisk og fysisk helsetilstand er faktorar som påverkar aktivitetsnivået i befolkninga. Dei som ikkje er i aktivitet kan trenga hjelp til å starta opp og koma over det dei opplever som ein terskel. Terskelen kan skuldast at dei ikkje har kjennskap til kva som finst eller erfaring med ulike aktivitetar. For nokon er sosiale plikter, tilhøyrse, det å verta etterspurt og sett, oppleva meistring og få sosial støtte avgjerande for å starta med fysisk aktivitet og oppretthalda aktiviteten over tid.

Tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet

Skular, barnehagar, arbeidsplassar, nærmiljø og helseteneste er arenaer som legg grunnlaget for vala me tek og for helsa vår på kort og lang sikt. Det å ha eit bevisst forhold til aktivitet i kvardagen er positivt for fysisk og mental helse. Ein enkel måte å vera fysisk aktiv på er å leggja aktiviteten inn i dagelege rutinar, som for eksempel å gå eller sykla til og frå skule, jobb og andre daglege gjeremål.

Barn har mindre aksjonsradius. For barn er opplevinga av «vill natur» utanom dei typiske turområda av stor verdi. Gjennom å ha utvalde strekningar langs gang- og sykkelveggar, på leikeplassar og små grøne område i nærmiljøet som ikkje har eit parkpreg, får barna naturopplevingar og fysiske utfordringar i nærmiljøet.

Det er ein trend å ta vekk mindre leikeplassar og heller etablera større kvartalsleikeplassar. Dette er positivt for aktivitetsnivået. Samtidig er det viktig at områda som har vore leikeplassar vert ivaretekne som møteplassar med grønt preg og fungerer som «tursmål». Uteområde på skular og barnehagar har ein funksjon som treffstader i nærmiljøet. Oppgraderte og godt vedlikehaldne uteområde aukar aktivitetsnivået i skuletida og på fritida.

Ungdommar har behov for å ha stader der dei kan driva uorganisert aktivitet både ute og inne. For ein del ungdom er det sosiale aspektet ved aktiviteten det viktigaste, samt at han er relativ uformell og uforpliktande. Den viktigaste grunnen ungdommen på vidaregåande gjev opp for fysisk aktivitet er å halda seg i form. Medan det å ha det gøy kjem på andre plass med 50 %.

Skular, familiar og andre kan ha behov for å kunna låna utstyr slik at fleire skal kunna delta på aktivitetar. Det kan for eksempel vera sykklar, ski, ryggsekkar og hjelmar.

Betre kollektivtransport mellom tettstadene og Bryne er noko som mange innbyggjarar etterspør. Kollektivtransport er viktig for at fleire skal få tilgang til det som finst av aktivitetar og anlegg. I tillegg skjer ei kollektivreise som oftast i kombinasjon med gange og/eller sykling, og bidreg slik til fysisk aktivitet.

Det kommersielle treningstilbudet er i første rekke retta mot ungdom og vaksne og lokalisert i Bryne. Større variasjon i lokalisering og målgrupper vil kunna vera positivt for aktivitetsnivået.

Folk kan verta inspirerte og motiverte av nettsider og appar. Registrering av aktivitet kan gje auka meistringsfølelse. Moglegheita for å trena på eiga hand med instruktør på skjerm/app er stor.



Tema friluftsliv

Friluftsliv i framtida:

Ein større del av innbyggjarane driv med aktivt friluftsliv. Alle innbyggjarane har moglegheit for å driva naturnært friluftsliv og oppleve naturen gjennom friluftsliv.

Friluftsområda kan nyttast av alle generasjonar. Dei er naturvennleg tilrettelagde.

Fleire område er tilgjengelege i nærmiljøet og det er høg grad av tilrettelegging særleg i og omkring tettstadene og byen. Innbyggjarane skal ha maksimalt 500 meter til nærmaste naturområde eller tilrettelagde turområde.

Friluftslivet sin verdi

Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på miljøforandring og naturopplevingar og har ein særstilling som fritidsaktivitet. Turgåing er den vanlegaste planlagde fysiske aktiviteten. Friluftsliv bidreg til å heva kunnskapen om natur- og kulturverdiar. Det er attraktivt for ulike alders- og befolkningsgrupper.

Friluftsliv inkluderer:

- | | | |
|------------------------|-------------------|--------------------|
| • Turgåing | • Jakt | • Rollespel |
| • O-løp | • Fiske | • Telting |
| • Sykling | • Padling | • Matlaging ute |
| • Rulleskitur/skitur | • Symjing | • Overnatting ute |
| • Klatring og buldring | • Hundelufting | • Bading og soling |
| • Ridning | • Fuglekikking | |
| • Geocaching | • Bær- og sopptur | |

Friluftsliv gjev god moglegheit for fysisk aktivitet. I tillegg gjev det moglegheit for avstressing, ro og stillheit. Naturen er ein god arena for sosial kontakt og fellesskap. Friluftsliv og naturkontakt er viktig i førebygging og behandling av ulike psykiske lidingar. Nærleik til bustad er viktig, og det er faglege haldepunkt for å leggja til rette for at alle skal ha tilgang til ei turløype/friluftsområde innan 500 meter heimefrå både i by og tettstader.

Friluftsliv vert stadig viktigare som grunnlag for verdiskaping knytt til reiseliv. Interesse for friluftsliv og opplevingar knytt til natur- og kulturarv er sentralt for mange reiselivsbedrifter. Godt samspel mellom friluftsliv og reiseliv kan gjera friluftslivet meir allsidig gjennom at nye aktiviteter vert etablerte, nye område gjorde kjende og nye grupper vert nådde.

Areal for friluftsliv

Friluftsområda i kommunen er kartlagde og verdisette for å få synleggjort kva verdi dei har for friluftslivet. Det er ei nasjonal målsetting om at alle kommunar skal ha gjort dette innan 2018 og Miljødirektoratet sin mal for kartlegging er lagt til grunn. Eksisterande område som er i bruk som friluftsområde er vist i kart over område av verdi for friluftsliv, inndelt etter

områdetype. Område som er vist i kart blir ikkje båndlagt etter denne planen. Dette er kun eit kunnskapsgrunnlag.

Resultatet av kartlegginga viser at Time har mange flotte område for å driva friluftsliv. Stort sett alt areal til friluftsliv er privat eigd. Noko areal og mange ferdselsårer er allereie sikra med langsiktige avtalar. Det er eit aukande behov for regulerte friluftsområde i nærleiken av tettstadane i kommunen.

Område av verdi for friluftsliv bør forvaltast slik at naturgrunnlaget vert ivaretatt. Sikring av viktige friluftsområde i nærmiljøet som kan generera mest mogleg aktivitet, skal vektleggjast. Følgjande typar område vert vurdert for sikring:

- populære område som vert så mykje brukte at det overstig det grunneigar må akseptera i tråd med allemannsretten
- område kor det er behov for fysisk tilrettelegging for å ivareta arealet og sikra ålmenta sin bruk
- område som er utsette for eit stort utbyggingspress og samtidig har ein nøkkelfunksjon, for eksempel for å sikra samanhengande grønstruktur.

Areal for friluftsliv bør sikrast gjennom arealplanlegging, langsiktige avtalar med grunneigarar eller reguleringar. Statleg sikring av område gjev moglegheit for å få dekkja kostnader knytt til kjøp, oppmåling og tinglysing og kan vera aktuelt i nokon få tilfeller. Statleg sikring garanterer at området ikkje vert brukt til andre formål enn friluftsliv. Kommunen vil i arealdelen vurdera kva områder som bør ha omsynssone friluftsliv og berørte grunneigarar vil då bli inviterte til dialog. Omsynssona betyr at ein må ta omsyn til friluftsliv dersom det vert føreslått arealmessige endringar av LNF-området. Målsetteinga er å bevare kulturlandskapet som ein arena for friluftsliv.

Samarbeid om friluftsliv

Kommunen er avhengig av samarbeid med bønder, grunneigarar og frivillige som turlag og foreiningar. For at Sandtangen og Njåskogen skal tåla intensiv bruk og vera attraktive trenings- og rekreasjonsområde, er det ein føresetnad med tett og godt samarbeid med Brynes vel og Jæren Skoglag.

Kommunen deltek gjennom Jæren friluftsråd i interkommunalt samarbeid om å leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar. Samarbeidet mellom kommunane er viktig for å gje innbyggjarane tilbod om eit meir mangfaldig friluftsliv i ulike naturtypar og samanhengande friluftsområde som kryssar kommunegrensar, for eksempel Frøylandsvatnet.

Jæren friluftsråd, Rogaland Arboret, turistforeininga, lokale foreiningar, turlaga, Jæren jakt og fiske og andre er avgjerande for å fylla friluftsområda med aktivitet.

Tilrettelegging for friluftsliv

Kommunen vil satsa på tilrettelegging av område og aktivitetar som eignar seg for folk flest. Auka bruk av friluftsområde og tilrettelegging for ulike former for sosiale møteplassar er

viktig. Møteplassane skal opplevast som inkluderande, innbydande, trygge og aktivitetsskapande. Gapahukar, grillplassar, badeplassar og liknande kan fungera som turmål og møteplassar.

For at fleire skal kunna bruka eksisterande friluftsområde er det viktig at åtkomst til desse områda er enkel og gratis. Tilrettelegging av parkeringsplassar, lys, toalett og god informasjon medfører auka bruk av områda og vil verta prioritert. Andre treng ei gruppe å gå i lag med for å oppleva tryggleik og sosialt fellesskap.

Betre skilting, merking og informasjon knytt til friluftsområde skal prioriterast. Bruk av ny teknologi for registrering av turane vil verta prøvd ut.

Tilretteleggingstiltak for friluftsliv skal bidra til å ivareta opplevingskvalitet, bidra til minst mogleg miljøbelastning, konflikt og slitasje på landskapet og ikkje føra til unødige inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet.

Områda bør ha ulik grad av tilrettelegging for å tilfredstilla ulike behov. Mindre tilrettelagde område gjev større motoriske utfordringar og rom for anna type leik og aktivitet enn meir tilrettelagde område. Særleg nær der folk bur bør det vera område som er tilrettelagt for intensiv bruk.

Tilrettelegging for friluftsliv har ein svært låg kostnad i forhold til kor mange det når samanlikna med anna tilrettelegging for fysisk aktivitet. Eit eksempel er investeringar, drift og vedlikehald i Sælandskogen som utgjer ein kostnad på rundt to kroner per besøk⁵.

Det kjem nye former for friluftsliv der etablerte grenser vert utfordra. Eksempel er terrengsykling og at friluftsområde i større grad vert tatt i bruk til trening. Dette kan gje utfordringar med slitasje på naturen, uroar dyr på beite og kan føra til konflikt mellom ulike brukargrupper. Det er behov for å auka kunnskapen om kva omsyn ein må ta og kva oppførsel som er akseptabel når ein ferdast i naturen.

Innbyggjarar og besøkjande har behov for betre og meir informasjon om friluftsliv i kommunen. Informasjon på fleire språk og på fleire plattformer vil bidra til at ein når fleire.

Kulturminner kan tilføra ein ekstra dimensjon til opplevinga av naturen. Minner etter gamle plassar, tufter, murar og bygningar kan vera fine attraksjonar og brukast som mål for turar. Det må skiltast og merkast betre knytt til kulturminner i kommunen. Tilrettelegging slik at kulturminna vert kjende bidreg til ivaretaking.

⁵ I Sælandskogen har kommunen ansvar for reinhald av toalett, drift av parkeringsplass og har gjeve eit tilskot til bruer. Årleg er det rekna at 35 000 besøkjer området.



Innsatsområde frivillige

Frivillige organisasjonar og enkeltpersonar er avgjerande for å leggja til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet. Det å delta på dugnadsarbeid gjev både eigar- og identitetskjennele. Time har mykje gode dugnadskrefter. Engasjement og innsats frå frivillige er avgjerande for bygging og vedlikehald av anlegg for idrett og friluftsliv.

Frivillige si rolle innan friluftsliv er å etablere aktivitetar og tilby kurs og opplæring i aktivitetar knytt til friluftsliv. Dei formidlar det nære og enkle friluftslivet, gjev kjennskap om kva moglegheit som fins og introduserer nye personar for friluftsliv. Grunneigarar kan bidra med areal og fasilitetar for friluftsliv.

Idrettslaga har eit aktivitetstilbod for medlemmane sine. Dei byggjer og driftar anlegg. Treinar får erfaring og kompetanseutvikling gjennom klubben. Idretten sitt samfunnsansvar slik det står i idrettsmeldinga⁶ inneber at tilbodet til idrettslaga også må femna dei i samfunnet som har særskilde utfordringar. Det inneber også eit ansvar for å leggja til rette for ungdommar som ønskjer eit idrettstilbod, men ikkje nødvendigvis vil satsa for å verta best mogleg innanfor konkurranseidrett. Engasjement og innsats frå foreldra er avgjerande for å ha eit aktivitetstilbod til barn og unge. Det å skaffa frivillige til nye typar tilbod kan vera ei utfordring.

Enkelpersonar er også ein ressurs som kan fremja auka fysisk aktivitet hos fleire enn seg sjølv. Frivillige organisasjonar som har andre formål enn fysisk aktivitet kan også ha ei viktig rolle for å fremja fysisk aktivitet hos eigne medlemmar. Gjennom å opna si eiga eigenorganiserte trening eller eigne friluftslivsaktivitetar for fleire, kan ei rekkje lågterskeltilbod verta etablerte. Dei som viser initiativ og ønskjer å starta nye idrettar eller aktivitetar må få informasjon og verta møtte med støtte og tilbod om nettverk.

Det ligg eit potensiale i auka samarbeid mellom friluftslivsorganisasjonar, idrettslag, grupper og enkeltpersonar som er opptekne av å gje eit tilbod om fysisk aktivitet. Gjennom å møtast og dela kunnskap, ressursar og kompetanse kan ein i fellesskap oppnå større resultat enn enkeltvis. Kommunen ønskjer å leggja til rette for treffpunkt for dei frivillige i tettstadane.

Opplæring til trenarar og andre frivillige er eit viktig satsingsområde. Kommunen ønskjer å stimulera til at ungdommar som er aktive i idrett kan verta trenarar/instruktørar. Det kan gjevast tilskott til idrettslag som har ein bevisst og langsiktig strategi for å nytta ungdommar som trenarar/instruktørar.

Kommunen ønskjer å vera ein støttespelar for toppidrett i kommunen. Engasjementet, begeistringa og profilering som dette gjev er verdifullt. For lagidrettar i dei to øvste divisjonane nasjonalt, fins det derfor tilgjengelege profileringsmidlar frå kommunen.

⁶ Meld. St. 26 (2011-2012), Den norske idrettsmodellen

Dette ønskjer me

- At fleire ser verdien i å vera frivillig
- Tettare samarbeid mellom kommunen, lag og organisasjonar
- Større frivillig aktivitet
- Vidareutvikla samarbeidet med idretten
- Eit idrettstilbod som inkluderer flest mogleg lengst mogleg
- At fleire vert verande som aktive i idrettslaga gjennom ungdomstida
- Auka involvering av foreldre for dei yngste og større ansvar frå klubben etter kvart som barna vert eldre

Slik vil me gjera det

- Vera ein pådrivar for det frivillige arbeidet gjennom å koordinera og leggja til rette for samarbeid
- Leggja til rette for god dialog om tilrettelegging for friluftsliv med grunneigarar
- Målretta og styrkja støtteordningane til kurs og opplæring av unge trenarar
- Etablera eit tilskotsordning for lågterskel aktivitetstilbod for ungdom
- Etablera ei tilskotsordning til lag som legg til rette for grupper med særskilde behov
- Aerkjenna samfunnsverdien til toppidretten gjennom å tilby toppidrettslag eit profileringsstilskott



Innsatsområde kommunen

Kommunen må retta innsatsen mot mange samfunnsområde for å få til ei endring i retning av at fleire vert fysisk aktive i tråd med anbefalt nivå for fysisk aktivitet. Viktige område er arealplanlegging, anleggskapasitet og -kvalitet, barnehage, skule, arbeid, transport og fritidsaktivitetar.

For å sørgja for at dette temaet står høgt på dagsorden og får auka merksemd framover vil kommunen årleg arrangera ei folkehelseveke i samarbeid med lag, organisasjonar og andre aktørar.

Kommunen vil auka innsatsen for å støtta opp under frivillig arbeid knytt til fysisk aktivitet og til koordinering av dei frivillige på området. Gjennom å etablera regelmessige møteplassar vil kommunen styrkja samarbeidet med dei frivillige. Potensialet i frivilligsentralen knytt til fysisk aktivitet vil verta vurdert. Behov for å kunna låna eller leiga utstyr er forventta å auka. Det er behov for ressursar til ein aktivitetskoordinator for frivillig arbeid relatert til fysisk aktivitet. Dette vil verta prioritert innanfor tenesteområde fritid. Det vil også verta sett i samanheng med oppgåvene til Frisklivssentralen og Frivilligsentralen.

Innsatsen for å inkludera grupper som er utsette når det gjeld inaktivitet, som ungdom, flyktingar, funksjonshemma og eldre, skal aukast. Kommunen vil bidra med erfaringsoverføring og støtte til opplæring av frivillige og driftsmidlar til lågterskeltilbod til desse gruppene.

Kommunen ønskjer eit tettare samarbeid med idrettslaga for å styrkja trenarkompetansen og haldninga til å inkludera alle.

Kommunen vil vidareutvikla samarbeidet med grunneigarar og velforeiningar om tilrettelegging for friluftsliv.

Etterspørselen etter informasjon om kva som finst er stor både når det gjeld aktivitetar, anlegg og støtteordningar. Digitale media gjev stadig nye måtar å spreia informasjon på, og kommunen er avhengig av samarbeid med lag og organisasjonar for å gjera det enklare for innbyggjarane å få relevant informasjon.

Langsiktige utbyggingsgrenser mot friluftsområda må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel. Det er også kommunen sitt ansvar å sikra tilgang på «vill natur» i tettstadene og trygg åtkomst til desse områda gjennom arealplanlegging. Dette er særleg viktig der det har vore stor utbygging og er planlagt vidare utbygging framover. For barn er skrentar, tre, små bekkar, skogholt og store steinar verdifulle leikeområde. Prioritering av gåande og syklande i arealplanlegging er nødvendig for å gjera det attraktivt og trygt for fleire å sykla og gå til skule, jobb og fritidsaktivitetar.

I detaljregulering vert det avgjort korleis dei enkelte møteplassane skal utformast. Kommunen har ei viktig oppgave i å sikra at det både i offentlege og private reguleringsplanar vert lagt inn allsidige leikeplassar, parkar, grøntområde og grønstrukturar nær bustadane. Det at dei er varierte og utfordrande er avgjerande for kor mykje dei vert brukte.

Samanhengande turstiar og turløyper er viktig for å fremja fysisk aktivitet og friluftsliv. Kommunen arbeider for at det vert etablert nettverk av turstiar og at eksisterande turstiar vert kopla saman. Dette må tas omsyn til i kommuneplanen sin arealdel. For område som krev vidare detaljplanlegging eller reguleringsplan som formelt grunnlag vil kommunen stilla krav om det der. Ved utbygging av område som ligg nært friluftsområde og grønstruktur må rekkefølgjekrav nyttast slik at desse verdiane vert sikra.

Vedlikehald av uteområde ved skular, barnehagar og leikeplassar er viktig for at områda skal vera attraktive for fysisk aktivitet. Kunnskap og erfaring frå barn og pedagogisk personale skal leggjast til grunn ved utarbeiding og oppgradering av uteområda.

Dette ønskjer me

- Innsats på mange samfunnsområde for å fremja fysisk aktivitet
- Betre informasjon om tilbod om fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Auka innsats opp mot inaktive grupper
- Godt vedlikehald av idretts- og friluftsanlegg og uteområde ved skular og barnehagar
- Ivareta ustrukturerte leikeområde med variert natur i tettstadene

Slik vil me gjera det

- Leggja til rette for samhandlingsarenaer i tettstadene
- Utnytta potensialet i Frivilligsentralen betre knytt til fysisk aktivitet
- Etablera ein funksjon som aktivitetskoordinator knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- Arrangera ei årleg folkehelseveke
- Utarbeida skjøtselsplan for turområder nær tettstadene
- Tilby oppdatert informasjon om stader for friluftsliv og formidla kunnskap om ferdselsreglar, natur- og kulturverdiar
- Oppdatera informasjon om turområda i kommunen på tilgjengelighet.no
- Gjennomføra barnetråkk i samband med arealdelen
- Vurdera kommunen sin plan for vedlikehald opp mot behovet for nær-natur
- Samarbeida med nabokommunar om sikring og tilrettelegging av friluftsliv- og nærturområde
- Leggja inn reglar i utbyggingsplanar slik at behovet for areal til friluftsliv i og rundt tettstadane vert ivaretekne
- Nyttå årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark til friluftslivstiltak i samsvar med kommunedelplanen

Innsatsområde aktivitetar

For å auka delen innbyggjarar i Time som er fysisk aktive trengs det fleire organiserte og uorganiserte aktivitetar. Befolkningsvekst, endring i alderssamansetning i befolkninga og endring i levevanar gjev auka behov for aktivitetar.

Gjennom å delta på aktivitetar får ein i tillegg til trening også eit sosialt fellesskap. Tilhøyrse til ei gruppe og det at ein vert sakna når ein ikkje er til stades, betyr mykje for mange.

Det store og gode aktivitetstilbodet som finst for barn må oppretthaldast og vidareutviklast. Tilbodet til barn og ungdom må leggjast opp etter deira eigne føresetnader og vera fleksibelt i forhold til behov.

Det er behov for å inkludera fleire grupper i organisert idrett. Aktiviteten i idrettslaga har ein meirverdi gjennom dei sosiale fellesskapa, frivilligkulturen og det demokratiske fundamentet. Barn og ungdom som har som hovudmotivasjon at dei trener for å ha det gøy, manglar ofte eit tilbod innanfor dei ulike idrettane etter kvart som dei vert eldre. Både ungdom og vaksne etterspør tilbod om variert fysisk aktivitet i hallar og gymsalar.

Det trengs fleire tilrettelagde aktivitetar for å særleg få fleire inaktive og personar med nedsett funksjonsevne i aktivitet. Turgrupper, sykkelgrupper eller liknande i tettstadene på ulike tidspunkt og med varierende vanskeleggrad vert etterspurt.

Gjennom å utvida opningstidene i kommunale idretts- og symjehallar i feriar og helger er det ønskje om at anlegga i desse tidsromma kan verta nytta til uorganisert aktivitet. Prioritering av treningstider i hallane må i større grad ta omsyn til andre grupper enn dei som vil trenast for å verta best.

Eit kulturelt og etnisk mangfald i kommunen kan ha innverknad på kva typar aktivitetar som vert oppfatta som attraktive. Det utfordrar når det gjeld å utvikla eit attraktivt aktivitetstilbod. Flyktningar kan ha behov for opplæring i ulike ferdigheiter som sykling og symjing før dei vil kunna nytta seg av det aktivitetstilbodet som finst og få ein meir aktiv kvardag.

Kommunen vil gjennom å gje økonomisk støtte leggja til rette både for å inkludera meir i eksisterande aktivitetar og eit større tilpassa tilbod for personar som treng særleg tilrettelegging.

Kommunen vil ta ut potensialet i «møteplassen» på Facebook for lag og organisasjonar gjennom å gjera sida betre kjent blant innbyggjarane og oppfordra til bruk både hos frivillige og i kommuneorganisasjonen.

Dette ønskjer me

- Fleire barn og unge som deltek i organisert idrett
- Leggja til rette for at fleire vert aktive
- Inkludera fleire grupper i organisert idrett
- Skapa miljø for fysisk aktivitet der den enkelte opplever tilhøyrse
- Tilgang på hallar og anlegg i feriar
- Betre tilgang til å låna eller leiga utstyr

Slik vil me gjera det

- Økonomiske støtte til lågterskel idrettstilbod for barn og unge
- Ta ut potensialet og gjera «møteplassen» kjent for fysisk aktivitet
- Knyta kontakt mellom flyktningar og idrettslag gjennom å bruka etablerte arenaer
- Mobilisera lag og organisasjonar til å skapa aktivitetar slik at fleire kjem i gang med fysisk aktivitet
- Styrkja samarbeidet mellom helsetenesta og frivillige organisasjonar for å få fleire i fysisk aktivitet
- Utnytta kompetansen på lågterskelaktivitet i Frisklivssentralen
- Opne kommunale hallar inkludert symjehallar i feriar og helger
- Etablere ordningar for å låna eller leiga idretts- og friluftsutstyr



Innsatsområde anlegg

Vekst i folketalet og måla om fleire i fysisk aktivitet gjev behov for nye anlegg til fysisk aktivitet. I tillegg er det per i dag for lite kapasitet på ulike typar anlegg. Det gjeld både anlegg til idrett og friluftsliv. Ei utvikling der stadig større del av befolkninga bur i tettbygde område, gjev auka press på anlegg særleg i desse områda.

Når det skal byggjast nye hallar i kommunen er det viktig at det vert prioritert å byggja fleirbrukshallar. For å dekkja behovet for fleirbrukshallar på Bryne i planperioden er det behov for tre nye hallar. På Lye er det også behov for noko større hallkapasitet.

Ein ny hall er planlagt i Vardheia med opning i 2020. Den bør innehalda lokale som kan nyttast for turn, karate og taekwondo. Bryne FK har planar om etablering av to fleirbrukshall på stadionområdet. I samband med bygging av desse bør ein vurdere fasilitetar for større turneringar, for eksempel handballkampar. Det bør også vurderast etablering av klatreanlegg i ein av dei nye hallane.

Kommunen vil leggja til rette for at kommunale hallar og anlegg i størst mogleg grad kan nyttast av barnehagar, skular, SFO og ulike lag og organisasjonar på dagtid.

Det er behov for eit nytt symjeanlegg i kommunen. Anlegget må vera tilrettelagt og attraktivt for offentleg bading og symjeopplæring. Symjing vil vera eit viktig tilbod for dei som ønskjer å driva med eigenorganisert trening og for grupper med spesielle behov. Det må i tillegg kunna nyttast til trening og stevne. Områdeplan for Time vidaregåande skule, Timehallen og Hetlandsgata 36 har oppstart i 2017, jmf. Planstrategi 2015-2019. I samband med oppstartsvarsel for denne planen vil det bli føreslått å etablere ei gruppe saman med representantar frå idretten der ein vil sjå på funksjonar i ein mogeleg ny symjehall.

Det er behov for fleire kunstgrasbaner i kommunen. Særleg på Bryne og Rosseland er kapasiteten for liten. Tre grusbaner vert føreslått oppgradert til kunstgrasbaner. I tillegg ligg det inne kunstgrasbaner i Bryne FK sitt prosjekt.

Kunstgrasbaner har ei levetid på rundt 10 år, og det vil i planperioden verta behov for å leggja nytt kunstgras på mange av dei eksisterande banene. Kommunen bidreg då med ein tredjedel av kostnadane.

Samarbeidsmodellen mellom kommune og idrettslag skal vera økonomisk føreseieleg ved investeringar i private anlegg. Pålagt eller heilt nødvendig større vedlikehald av anlegg som for eksempel skifte av ventilasjonsanlegg og oppgradering av brannalarmsystem, kan vera ei stor utfordring for lag og organisasjonar. Det er ønskjeleg å utvikla ei kommunal støtteordning til dette formålet.

Det er sett av planleggingsmidlar til utvikling av ein områdeplan for eit idretts- og aktivitetsområde på Tangen på Bryne i 2018.

Kommunen har eit ansvar for at det i nærleiken av tettstadane er område for friluftsliv som har høg grad av tilgjenge. Det er potensiale for å utnytta Frøylandsvatnet til vassaktivitetar

som kano- og kajakkpadling i større grad og dette vil bli vurdert på vestsida utanfor verneområdet

Kommunen må ta vare på attraktive natur- og leikeområde for fri leik i bustadområde. Trygg åtkomst til desse stadane er viktig for at dei vert brukte. Opplevinga av autentisk natur er viktig og tilrettelegging i område må ta omsyn til dette.

Tiltak som betrar tryggleiken i tettstadsnære friluftsområde må vurderast. Det er behov for toalett ved badeplassar og turområde som vert mykje brukte. Ved fleire friluftsområde er det behov for å etablera og sikra parkeringsplassar.

Kommunen eller Jæren friluftsråd har ansvar for skilting og merking av friluftsområde. Det er behov for betre skilting av friluftsområde og naturområde i tettstadene. Gjennom skilting ønskjer me å auka bruken og kunnskapen om områda.

Dette ønskjer me

- Sikra tilstrekkelig areal til idrett
- Sikra tilstrekkelig areal til friluftsliv
- Auka anleggskapasitet
- Sikra område for fri leik i tettstadene
- Toalett i område som har mange besøkjande
- Betre parkeringsmoglegheiter ved turområde

Slik vil me gjera det

- Auka kapasiteten på fleirbrukshallar på Bryne og Lye
- Byggja ny symjehall
- Gjennomføra utgreiing om kostnadsnivå for drift og vedlikehald av private anlegg
- Etablera nye og skifta ut eksisterande kunstgrasbaner
- Arbeida for sikring og finansiering av dei mest verdifulle friluftsområda
- Ivareta område for fri leik gjennom arealplanlegging
- Byggja og drifta toalett ved Sandtangen, Åsvatnet, Eivindholstjødna og Tjoatjødn
- Sikra parkeringsplasser ved Brusaknuten, Sælandskogen og Skårlandskula
- Samarbeida om utvikling av anlegg for friluft- og vassaktivitetar i og rundt Frøylandsvatnet
- Utarbeida oversikt over behov for vedlikehald for private anlegg og kunstgrasbaner og kriterium for tildeling av støtte



Handlingsprogram 2017-2020

Prioritert handlingsprogram for perioden 2017-2020 fordelt på innsatsområda frivillige, kommunen, aktiviteter og anlegg følgjer under. Finansieringa er fordelt mellom kommunalt tilskot (K), spelemidlar (SM) og andre (A). Andre er statlege/regionale tilskottsmidlar, private midlar eller dugnad. Der det ikkje er aktuelt å leggja inn informasjon er det brukt symbolet :. Forslag om tiltak eller opptrapping som ikkje er spelt inn i økonomiplanen for 2017-2020, vil bli vurdert i samband med rullering av økonomiplanen.

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Oppstartsår |
|---------------------------------------------------------------|---------------------------------|----------------------------------|---------------------------------------|-------------------|----|---|-------------------------------|--------------------------------------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Frivillige | | | | | | | | |
| Driftstilskott til idrettslag | Ut i frå medlemstal under 20 år | Kommunen | : | 750 ⁷ | | | 750, 850, 950 | Eksisterande, opptrapping |
| Anleggstilskott til idrettslag | Anlegg som laga drifter sjølv | Kommunen | : | 1100 ⁸ | | | 1100, 1200 | Eksisterande, opptrapping |
| Samarbeid med grunneigarar om tilrettelegging for friluftsliv | Friluftsliv- /tuområder | Kommunen, turlag og grunneigarar | : | 270 ⁹ | | | 270 + 25 | Eksisterande, opptrapping med 25 000 årleg |
| Vurdering av regulering av ferdsel for å redusera konflikt | Heile kommunen | Kommunen | : | | | | | 2017 |
| Samarbeidsarenaer for frivilligheita | Lye, Bryne, Kvernaland | Kommunen, lag og organisasjonar | : | | | | : | 2017 |
| Tilskot til utvikling av trenarar/instruktørar | : | Idrettslaga | : | 100 | | | 100 | 2018 |

⁷ Eksisterande ordning som har vore uendra nivå på i mange år. Det vert foreslått ei opptrapping der ordninga vert auka med 100 000 kr to gonger dei nærmaste åra.

⁸ Driftstilskott for idrettslag vart behandla i KS 040/10. I økonomiplanen for 2017-2020 er det lagt opp til ei opptrapping på 100 000 i 2018. I 2016 var anleggstilskottet på 850 000 kroner.

⁹ Det er foreslått ei opptrapping dei nærmaste åra slik at ordninga kan dekke nye grunneigaravtalar. Behovet for auke vil avhenga av kva nye avtalar som vert inngått.

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Oppstartsår |
|---------------------------------------------------------------------------|----------------|---------------------------------|---------------------------------------|--------------|----|----|-------------------------------|----------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Kommunen | | | | | | | | |
| Skjøtselsplan for turområde | : | Kommunen | 100 | 50 | | 50 | : | Heile perioden |
| Etablere ein funksjon som aktivitetskoordinator | : | Kommunen | : | | | | : | 2017 |
| Oppdatert informasjon på tilgjengelighet.no | : | Kommunen | : | | | | : | 2017 |
| Gjennomføra barnetråkk | Tettstadane | Kommunen | : | | | | : | 2017 |
| Vurdera vedlikehaldsplan med fokus på nær-natur | Tettstadane | Kommunen | : | | | | : | 2017 |
| Revidere «Forskrift om friluftaktivitetar i Njåskogen» | Njåskogen | Kommunen og Jæren skoglag | : | | | | : | 2017 |
| Årleg folkehelseveke | Heile kommunen | Kommunen, lag og organisasjonar | : | | | | 100 | 2018 |
| Informasjonskampanje om allemannsrett og allemansplikt | : | Kommunen | 300 | | | | | 2019 |
| Revidere forskrift om bandtvang | : | Kommunen | : | | | | | 2018 |
| Heilskapleg plan for tilrettelegging for friluftsliv og kulturopplevingar | Fotlandsfossen | Kommunen | : | | | | : | 2019 |
| Revidere kartlegging og verdsetting av friluftsområde | | Kommunen | : | | | | : | 2020 |

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Oppstartsår |
|--------------------------------------------------------------------|-------------|---------------------------------|---------------------------------------|--------------|----|---|-------------------------------|-------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Aktivitetar | | | | | | | | |
| Opne hallar i feriar, helger og på dagtid | Tettstadane | Kommunen, lag og organisasjonar | : | | | | 100 | 2017 |
| Ta ut potensialet i møteplassen på Facebook | : | Kommunen, lag og organisasjonar | : | | | | : | 2017 |
| Støtte til tilbud til grupper med behov for ekstra tilrettelegging | Idrettslaga | Kommunen, lag og organisasjonar | : | 50 | | | 50 | 2018 |
| Støtte til lågterskel aktivitetstilbod for ungdom | Idrettslaga | Kommunen, lag og organisasjonar | : | 100 | | | 100 | 2018 |
| Utlånsordning for lån/leige av idretts- og friluftsutstyr | Bryne | Kommunen, Jæren Friluftsråd | 100 | 100 | | | : | 2018 |

: Ikkje relevant

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Opstartsår |
|--------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------|--------------------------------------------|---------------------------------------|--------------|--------|--------|----------------------------------|---------------------------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Anlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidler¹⁰ | | | | | | | | |
| Klubbhus med garderobar | Hognestad | Hognestad idrettslag | 8 600 | 2 000 | 2 000 | 4 600 | : | 2016 |
| Fleirbrukshall | Kvernaland | Kommunen | 25 000 | 18000 | 7000 | | : | 2016 |
| Rehabilitering kunstgras | Rosseland | Rosseland ballklubb | 6 000 | 5 000 | 1 000 | | : | 2017 |
| Tak over øvingsområde | Jæren golfklubb | Jæren golfklubb | 1 071 | 240 | 357 | 474 | : | 2018 |
| Turvegar og stiar | Kalbergskogen | Time Kommune | 300 | 200 | 100 | | | 2018 |
| Kunstgras på grusbane øst for Bryne skule | Bryne | | 1 000 | 700 | 300 | | | 2018 |
| Kunstgras på grusbane på Håbakken | Rosseland | | 1 000 | 700 | 300 | | | 2018 |
| Fleirbrukshall | Vardheia | Kommunen | 41 300 | 15 650 | 10 000 | 15 650 | | 2018/2019 |
| Rehabilitering av fotball- og friidrettsanlegg | Frøyland stadion | Frøyland IL | 4 548 | 1 500 | 1 442 | 1606 | : | 2020 |
| Lager | Undheim stadion | Undheim IL | 1 155 | 385 | 385 | 385 | : | 2020 |
| Toalett | Sandtangen | Kommunen og Brynes vel | 250 | 166 | 84 | | : | 2020 |
| Toalett | Åsvatnet | Kommunen | 250 | 166 | 84 | | : | 2020 |
| Brygge og naust for kajakk og kano | Nord for Sandtangen, vestsida av Frøylandsvatn | Kommunen, Klepp kommune, Jæren friluftsråd | 500 ¹¹ | 334 | 166 | | : | 2020 |
| Nærmiljøkart | Hålandskogen | Ålgård orientering | 150 | | 75 | 75 | | 2020 |
| Nærmiljøkart | Njåskogen | Klepp IL | 362 | | 181 | 181 | | 2020 |
| Kunstgras på grusbane sør for Bryne skule | Bryne | | 7 500 | 5 000 | 2 500 | | | Avhengig av forhandling med RFK |

¹⁰ Anlegg som er aktuelle for spelemidler må ha ei prioritert rekkefølge. Denne vil gå fram av økonomiplanen årleg. Der vil det gå fram korleis midlane vert fordelt mellom dei ulike åra på finansieringskjeldene. Anlegg som er bygde, men der spelemidler ikkje er utbetalt vil verta synleggjorde årleg i økonomiplanen.

¹¹ Fellesprosjekt, der totalkostnad er estimert til 1 000 000 kroner.

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Oppstartsår |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------|---------------------------------------|--------------|----|-----|-------------------------------|----------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Andre anlegg¹² | | | | | | | | |
| Skilting i turområde | Sandtangen, Sælandskogen, Njåskogen, Kalbergskogen, Hålandskogen | Kommunen | 200 | 200 | | | | Heile perioden |
| Kvilebenkar ¹³ | Tjoatjødn, Kalbergskogen, Smukkevatnet | Kommunen | 180 | 180 | | | | Heile perioden |
| Skilting av nærnatur som barn brukar (50 skilt) | Heile kommunen | Kommunen | 150 | 75 | | 75 | | 2017 |
| Skilt om tilgjenge for uteområde for skular og barnehagar | 6 barneskular, 3 ungdomsskular, 10 barnehagar | Kommunen | 60 | 60 | | | | 2017 |
| Greia ut kostnadsnivå for drift og vedlikehald av private anlegg | | Kommunen | : | | | | | 2017 |
| Infotavler | Ti turar i Time | Kommunen | 90 | 45 | | 45 | | 2017 |
| Turveg og sikring | Eivindholstjødna | Kommunen | 800 | 400 | | 400 | | 2017 |
| Forprosjekt symjehall | : | Kommunen | : | | | | : | 2017 |
| Fugletårn | Sandtangen | Kommunen | 2065 | 1150 | | 915 | | 2017 |
| Gapahuk | Ulvatjørn | Kommunen | 100 | 30 | | 70 | | 2017 |
| Kommunalt tilskott til pålagte investeringar etter off. tilsyn og ekstraordinært vedlikehald i priv. anlegg | Elektrisk, ventilasjon, brann mm | Kommunen, lag og organisasjonar | : | 200 | | | 200 | 2018 |

¹² Denne lista inneheld anlegg som ikkje er aktuelle for finansiering med spelemidlar. Tiltaka kan vera aktuelle for anna offentleg støtte. Tilskott på 1,5 mill. kroner årleg frå Jæren Energi sin vindpark vil verta nytta til å delfinansiera den kommunale andelen av kostnadane til desse tiltaka.

¹³ Senior- og brukarrådet blir bedt om å gje innspel til plassering av kvilebenkar.

| Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Oppstartsår |
|-----------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|------------------------------|---------------------------------------|--------------|----|------|-------------------------------|----------------------------------------------------------------|
| | | | | K | SM | A | | |
| Områdeplan | Tangen | Time kommune | 1 000 | | | | | 2018 |
| Tursti og sikring | Tjoatjødn | Kommunen | 800 | 400 | | 400 | | 2018 |
| Gapahuk | Kalbergskogen | Kommunen | 100 | 100 | | | | 2018 |
| Lys | Eivindholstjødna | Kommunen | 800 | 400 | | 400 | | 2018 |
| Istandsetting av fiskeplass for handikappe | Garpestad | Kommunen | 130 | 100 | | 30 | | 2019 |
| Turveg | Kvåleskogen («Ungdomsskogen») | Kommunen | 800 | 400 | | 400 | | 2019 |
| Sikring og tilrettelegging av område for friluftsliv | Fotlandsfossen ¹⁴ , Smukkevatnet, Smieparken | Kommunen | 2100 | 1050 | | 1050 | | 2018-2020 |
| Toalett | Eivindsholtjørn | Kommunen | 200 | | | | | 2019 |
| Etablering av gapahuk og oppgradering av hytte («Siribu») | Njåskogen | Kommunen | 200 | 200 | | | | 2019-2020 |
| Toalett | Tjoatjødn | Kommunen | 200 | 200 | | | | 2020 |
| Etablering av parkeringsplass | Hålandskogen | Kommunen | 100 | 100 | | | | 2020 |
| Ridesti | Njåskogen | Kommunen og Jæren skoglag | 300 | 150 | | 150 | | 2020 |
| Kjøp av Brynehallen | Bryne | Kommunen | X ¹⁵ | | | | | Avhenging av forhandlingar med Rogaland fylkeskommune |
| Kjøp av grusbane sør for Bryne skule | Bryne | Kommunen | | | | | | |

¹⁴ Statleg sikring gjeld kommunen sine eigedommar

¹⁵ Pris vil verta forhandla fram med Rogaland fylkeskommune

Handlingsprogram 2021-2026

Uprioritert handlingsprogram for perioden 2021-2026:


| Innsats- område | Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Merknader |
|--------------------|----------------------------------------|--------------------------------|--------------------------|---------------------------------------|--------------|------|-----|---------------------------------------------------|-----------|
| | | | | | K | SM | A | | |
| Anlegg | Utvida hallkapasitet | Lye | Kommunen og idrettslaget | | | | | | |
| Anlegg | Symjehall | Vil verta utgreia | Kommunen | 200 000 | | | | Blir greia ut i eige forprosjekt | |
| Anlegg | Rehabilitering av kunstgrasbaner | Vurderast ut i frå behov | Idrettslaga | | | | | | |
| Anlegg | Etablering av parkeringsplass | Åslandsnuten | Kommunen | 100 | 100 | | | Avhengig av avtale med grunneigar | |
| Anlegg | Etablering av parkeringsplass | Brusaknuten | Kommunen | 100 | 100 | | | | |
| Anlegg | Gapahuk | Gåsevik | Kommunen | 100 | 100 | | | | |
| Anlegg | Gapahuk | Åsvatnet | Kommunen | 100 | 70 | | 30 | Kan bli realisert i 2017 i samband med badeplass | |
| Anlegg | Gapahuk | Lyefjell | Kommunen | | | | | | |
| Anlegg | Nærmiljøkart | Stutafjell | Gandal IL | 500 | | 167 | 333 | Avhengig av vurdering i arealdelen | |
| Anlegg | Sikring av område for friluftsliv | Jf. liste under «andre anlegg» | | | | | | Arbeidet held fram | |
| Frivillige | Driftstilskott idrettslag, opptrapping | | | | | | | Halde fram opptrapping med 100 000 i 2022 og 2024 | |
| Anlegg | Lys | Kalbergskogen | Kommunen | 1 500 | 750 | 750 | | | |
| Anlegg | Kunstgrasbane | Bryne | Kommunen | 7 500 | 5000 | 2500 | | | |

| Innsats- område | Tiltak | Stad | Ansvar | Investerings- kostnad (1000 kr) | Finansiering | | | Årlige kostnader (1000 kr) | Merknader |
|--------------------|-----------------------|---------------|----------|---------------------------------------|--------------|----|---|---------------------------------------------------------|-----------|
| | | | | | K | SM | A | | |
| Anlegg | Kunstgrasbane | Bryne stadion | Bryne FK | | | | | Avhengig av realisering av Bryne FK sitt prosjekt | |
| Anlegg | Innandørs fotballhall | Bryne stadion | Bryne FK | | | | | | |
| Anlegg | To fleirbrukshallar | Bryne stadion | Bryne FK | | | | | | |


Kart

Karta viser status for anlegg i kommunen i 2016. Det er egne kart for Bryne, Kverneland, Lye, Undheim og Hognestad. Anlegg utanfor desse tettstadene går fram av kartet «Time kommune». Anlegga er merka på karta med symbola som er vist nedanfor:

| Symbol | Forklaring | Symbol | Forklaring |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  | Aktivitetsanlegg - Ulike små aktivitetsanlegg/nærmiljøanlegg tilrettelagt for barn/ungdom |  | Skytebane - Anlegg tilrettelagt og sikret for skyting |
|  | Bading - Område egna for bading |  | Skateboard-anlegg - Tilrettelagt anlegg for skateboard |
|  | Sandvolleyball-bane - Anlegg tilrettelagt for sandvolleyball |  | Symjehall - Offentleg open symjehall |
|  | Bowling - Anlegg tilrettelagt for bowling |  | Tennis - Anlegg tilrettelagt for tennis |
|  | Fiske - Område egna til fritidsfiske |  | Trimløype - Sti, turvei e.l. tilrettelagt med trimapparat |
|  | Fotball - Anlegg tilrettelagt for fotball |  | Turorientering - Område med orienteringskart |
|  | Friidrett - delanlegg - Anlegg tilrettelagt for friidrett |  | Tursti - Trasè tilrettelagt for ferdsel til fots. Rydda for vegetasjon, men uten eller med liten |
|  | Friluftsliv - Område tilrettelagt for friluftsliv |  | Turvei - Trasè rydda for vegetasjon og tilrettelagt for ferdsel til fots, evt. med sykkel, barnevogn, rullestol |
|  | Golf - Område tilrettelagt for golf |  | Terrensykling - Område tilrettelagt for terrensykling |
|  | Gymnastikksal -Anlegg tilrettelagt som gymnastikksal |  | Utsiktspunkt - Stad med særleg god utsikt |
|  | Hoppbakke - Anlegg tilrettelagt for skihopping. K-punkt minimum 8 meter. |  | Helsestudio/treningssenter - Anlegg tilrettelagt som |
|  | Idrettsshall - Anlegg/hall berekna på idrett |  | Foss - Fossefall av spesiell interesse |
|  | Idrettsplass - Anlegg utandørs tilrettelagt for ulike idrettsaktivitetar |  | Kulturminne - Arkitektonisk eller kulturhistorisk verdifullt byggverk, minnesmerke, bauta eller anlegg |
|  | Leirduebane - Anlegg tilrettelagt for leirdueskyting |  | Informasjon - Informasjonsstad for offentligheten |
|  | Minigolf - Anlegg tilrettelagt for minigolf |  | Parkeringsplass - Fast anlagt parkeringsplass for parkering heile året |
|  | Orienteringskart - Område tilrettelagt med orienteringskart |  | Toalett ("gammaldass") - Offentleg tilgjengeleg toalett av tørrklosettypen |
|  | Park - Område i by/tettsted tilrettelagt som offentlig park |  | Belyst - Symbol som vert sett saman med symbol for anlegg eller aktivitet som har kunstig belysning |
|  | Plasthall - Plasthall tilrettelagt for idrett og annan aktivitet |  | Bevegelseshemma - symbold som vert sett saman med symbol for anlegg eller aktivitet som er |







Kartlegging og verdsetting av område for friluftsliv

Verdivurdering: A = Svært viktig, B = viktig, C = registrert

Behov som gjeld tilrettelegging gjennom tiltak vert følgd opp i handlingsprogrammet.

Behov som har arealmessige konsekvensar er innspel til revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og vil bli vurdert grundig der.

| Nr. i kart | Område navn | Str. (daa) | Verdivurdering | Status kommuneplan | Eigarforhold | FINK nr (*) | Områdetype | Behov |
|------------|--------------------------------------|------------|----------------|--------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------|-------------|-----------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1 | Melsvatnet | 1100 | A | Regulert friområde, statlig sikra friluftslivsområde | Jæren friluftslivsområde er eigar og har drifta | G3 | utfartsområde | Vedlikehald, gapahuk |
| 2 | Sandtangen | 110 | A | Regulert friområde, landskapsverneområde og fugleverneområde | Brynes Vel er eigar og har skjøtsel, tilskott frå kommunen | G2 | nærturterreng | Forvaltningsplan og skjøtselsplan, vedlikehald |
| 3 | Njåskogen | 1600 | A | Regulert friområde, delar er vist som omsynssone naturmiljø | Jæren Skoglag er eigar, avtale om tilrettelegging og vedlikehald | G1 | utfartsområde | Tilrettelegging, gapahuk, plan for skjøtsel og vedlikehold av anlegg, oppussing av Siribu. |
| 4 | Frøylandsvatnet | 5000 | A | Bevaring naturmiljø | Mange eigarar i strandsone, avtalar med Jæren skoglag | G31 | Strandsone | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, tilrettelegging for vannsport og vassaktivitetar |
| 5 | Lyefjell med Tjoatjødn | 550 | A | friområde | Time kommune er eigar | G32 | nærturterreng | Sikring av arealet rundt Tjoatjødn, tursti rundt Tjoatjødn |
| 6 | Sælandsskogen | 3800 | A | LNF, delar er landskapsverneområde og naturreservat | Privat | G34 | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, oppgradering av tursti, rasteplass ved Taksdalsvatnet |
| 7 | Njåfjellet | 3900 | A | LNF | Privat, avtalar om tilrettelegging | G32/G5 | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, gapahuk ved Ulvatjørn, oppgradering av turstiar |
| 8 | Stemmen på Kvernaland | 70 | A | Regulert friområde | Time kommune er eigar | | leike- og rekreasjonsområde | Tilrettelegging, tiltak for å beholde badevannskvalitet |
| 9 | Synesvarden | 3400 | A | LNF, landskapsverneområde | Privat | E62 | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 10 | Friluftsområde ved Arne Garborgs veg | 13 | A | friområde, statlig sikra friluftslivsområde | Time kommune er eigar | | leike- og rekreasjonsområde | Anlegg med universelt utforma fugletårn |
| 11 | Kvåleskogen | 59 | A | Regulert friområde | Time kommune er eigar | | nærturterreng | Tilrettelegging, oppgradering av turstiar, skilting, lys. |
| 12 | Eivindsholstjørn | 107 | A | Regulert friområde, sikring av tilgrensende areal pågår. | Time kommune eig størstedelen av areala rundt. Avtale om turveg ellers. | | leike- og rekreasjonsområde | Tursti rundt vatnet. Sørlige område må sikres og istandsettes. Rasteplasser i sør. |

| Nr. i kart | Område navn | Str. (daa) | Verdi-vurdering | Status kommuneplan | Eigarforhold | FINK nr (*) | Områdetype | Behov |
|------------|-----------------------|------------|-----------------|------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|-------------|-----------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 13 | Svertingstadparken | 100 | A | Regulert friområde | Time kommune er eigar | | nærturterreng | Vedlikehald |
| 14 | Gåsevik | 24 | A | Regulert friområde | Time kommune er eigar | G7 | strandsone | Vurdera tursti/tråkk mellom Gåsevika og TKS Kverneland, gapahuk |
| 15 | Geitahodnet | 7 | A | Regulert friområde | Brynes Vel er eigar og har skjøtsel, tilskott frå kommunen | | nærturterreng | Sikring, forvaltningsplan |
| 16 | Fugleparken | 10 | A | Regulert Friområde | Time kommune er eigar | | leike- og rekreasjonsområde | Vedlikehald |
| 17 | Ulvarudlå og Låglia | 16000 | B | LNF | Privat, mange eigarar | G62 | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, skilting |
| 18 | Brusaknuten og Karten | 5000 | B | LNF | Privat | G63 | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, etablera parkeringsplass, skilting |
| 19 | Åsen | 2100 | B | LNF | Privat, avtale med grunneigarar om tilrettelegging | G5 | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, tilrettelegging badeplass, grillplass og klatreskog |
| 20 | Fotlandsfossen | 27,5 | B | LNF, Delar av området regulert til kulturvernområde. | Time kommune eig kraftstasjon og Fotland mølle. Ellers privat. | | utfartsområde | Vurdera statslig sikring og istandsetting av kommunens eiendommer, tilrettelegge for friluftsliv i området |
| 21 | Smukkevatnet | 200 | B | LNF, Naturreservat. | Privat | | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for ending av arealformål, sikring med langsiktig avtale, anlegg av rasteplasser |
| 22 | Hålandsskogen | 670 | B | LNF | Jæren Skoglag er eigar, avtale om tilrettelegging | G6 | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, etablera parkeringsplass, skilting |

| Nr. i kart | Område navn | Str. (daa) | Verdi-vurdering | Status kommuneplan | Eigarforhold | FINK nr (*) | Områdetype | Behov |
|------------|-------------------------------|------------|-----------------|-----------------------------------|------------------------------------------|-------------|-----------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 23 | Lyngaland | 880 | B | LNF, Landskapsverneområde | Privat | | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 24 | Bursfjellet | 2800 | B | LNF | Privat | G61 | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 25 | Sikvalandsheia | 13600 | B | LNF | Privat, mange eigarar | G61 | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, avtale om tursti fra Undheim til Skårlandskula, parkering på Snorestad |
| 26 | Kalbergsskogen | 350 | B | Framtidig grønnstruktur/boligfelt | Jæren skoglag er eigar | G4 | nærturterreng | Tilrettelegging, parkeringsplass og turstiar |
| 27 | Stutafjell | 120 | B | LNF | Privat | | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 28 | Brekkeknuten | 110 | B | LNF | Privat. Ikkje avtale om tilrettelegging | | jordbrukslandskap | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 29 | Åslandsnuten | 60 | B | LNF | Privat | G33 | nærturterreng | Vurdera behov for skilting og eventuelt restriksjonar på fedsel saman med grunneigar |
| 30 | Rossåsen | 170 | B | LNF | Privat | | nærturterreng | Vurdera behov for skilting og eventuelt restriksjonar på fedsel saman med grunneigar |
| 31 | Fiskeplass Hååna, ved Grødem | 1 | C | LNF | Privat | | andre friluftsområder | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 32 | Fiskeplass Garpestad | 3 | C | LNF | Privat. TK har avtale om tilrettelegging | | andre friluftsområder | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv, opprusting av ramper |
| 33 | Fiskeplass Undheimsåna | 4 | C | LNF | Privat | | andre friluftsområder | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 34 | Fiskeplass Mellomstrandvatnet | 3 | C | LNF | Privat | | andre friluftsområder | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 35 | Badeplass ved Taksdalsvatnet | 2 | C | LNF | Privat | | utfartsområde | Vurdera i arealdelen om det er behov for å visa som omsynssone friluftsliv |
| 36 | Tunheimsskogen | 1 | C | LNF | Privat | | utfartsområde | Tilrettelegging for dagstur |
| 37 | BMX-bane, Mauland | 1 | C | LNF | Privat | | leike- og rekreasjonsområde | |
| 38 | Golfbanen | | C | Ikkje verdisatt | Privat | | andre friluftsområder | |
| 39 | Skytebane, Høyland | | C | Ikkje verdisatt | Privat | | andre friluftsområder | |

* FINK= Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern, Rogaland fylkeskommune

Anbefalt mengde fysisk aktivitet per uke er
150 minutter med **moderat intensitet** eller
75 minutter med **høy intensitet**



¹⁶ Kjelde: Thomas Andersen, Universitet i Agder

